

KYRKJEBLADET

64. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 4/2010

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16



50- og 60-års-
konfirmantar Side 6-7

«Bygda som
gløymte jula» Side 8-9

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20
Faks 56 59 39 29
E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 95 97 99 05
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
E-post: edvarboe@online.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Tlf. kontor 56 59 39 20
Mobiltlf 90 19 65 14
E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15
E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26
Mobiltlf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Bilete på framsida: Frå boka «Gabrielle»
(IKO 2006). Illustrasjon: Rita B. Hjorthaug.



Baksten

I år skal det bakast. Etter nokre år med Berthas kaker i diverse fasongar er det på tide å leggje om kurSEN. Det vert som å ete Fjordland ferdigmiddag kvar veke. Enkelt og greitt, men kanskje litt kjedeleg i lengda. Dei ymse produsentane av julekaker, har ein ting til felles. Alle utgåvene er tilnærma perfekte. Fargen er brun og fin, jamn over heile kaka. Du kan stable peparkakene som har same fasongen opp på kvarandre om lag 30 centimeter før stabelen dett. Einaste avviket ein finn er dei kakene som ligg knekte i botnen av boksen etter at den har hatt nokre harde landingar på kjøkkenbordet på veg til og frå. Og har du smakt på ei, har du smakt på alle.

Slik var det ikkje med dei heimekjleva variantane. Skulle ein fått jamne leivar på kjøkkenbordet, måtte ein lagt ut lirer for rett tjukkleik. Kven bryr seg? Klart at leiven er tunnare i den eine enden, nokon likar dei tjukke, og nokon likar dei tunne. Og komfyren steikjer sikkert ikkje like godt i alle hjørna heller. Små barnehender bankar formene gjennom deigen, og et opp det som ikkje passer i figuren. Lukta breier seg gjennom huset, og ullsokkane sklir i mjøl og deigrestar på kjøkkengolvet. Kven bryr seg om slike småting som deig i ullsokkane?

Carpe kjevle! Grip kjevlet, og gje ungane gode minner om jula!

***Me ynskjer alle lesarane ei
velsigna god advents- og juletid!***

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfrift.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. mars 2011.



Arild Hellesøy
Prost i Hardanger
og Voss prosti

Eit teikn

Eg minnes frå då eg var barn. Mor mi samla oss ungane for å snakka om kva me skulle eta på jol-aftan. Ho hadde tenkt at me kanskje ikkje skulle ha ribba dette året. Annars kunne me ungane få velja nett kva me ynskte. Då vart det pølsa og potestappe. Alle var nøgde med det. For oss ungane var ikkje maten det viktigaste med jola.

Eg hadde ein kamerat som heitte Petter. Han var ivrig speidar. Far hans ville i alle fall at han skulle vera det. Før jol skulle alle speidarane selja ei loddbok til inntekt for arbeidet deira. Det gjekk treigt. Petter sleit. Han prøvde å overtyda meg at eg burde kjøpa eit lodd. Det var 50 øre stykket. Eg hadde nett 50 øre i lomma, men hadde nok andre planar for kva eg skulle bruka dei til. Kjøpa lodd var jo som å kasta bort pengane. Dessutan kjøpte aldri born lodd. Born selde lodd. Eg tenkte eg skulle vera kamerat, så då Petter hadde eit lodd att, så kjøpte eg det hjå han. Så kunne me finna på noko anna å gjera.

Vesle jolaftan ringte det på døra heime. Det var far til Petter. Eg kunne ikkje begripa kvifor han ringte på døra vår. Eg høyrde han og mor mi snakka. Det hadde vore loddtrekning hjå speidaren. Arild hadde vunne ein av hovudgevinstane - ei joleribbe. Det kan hende det fantes meir spanande gevinstar for ein gut på 11 år.

Eg måtte likevel tenkje litt på det som hadde hendt. Me som ikkje hadde skaffa ribba til jol, me vann. Hadde andre vunne, så hadde dei hatt to ribbemiddagar. Og så eit lodd. Ei stund var det nett så eg tenkte at det var nokon som hadde ei hand med i laget. Det var nokon som tenkte på oss. Det var nett som eit teikn.

I jola høyrer me om teikn. Gud gjev eit teikn til alle menneska. Det er gjennom dette barnet som vert fødd. Med dette teiknet vil Gud seie noko til oss. Han vil seie: Eg tenkjer alltid på deg. Eg er alltid med deg. Eg vil at du og eg skal være i lag alltid. Jola har så mykje godt innhald. Det er godt å være i lag med dei me er glade i. Men jola er og dette - Gud er glad i oss. Han har vist det gjennom teiknet: Jesus som vart fødd.

Eg er så glad kvar jolekveld,
så glad i Jesus Krist,
og at han også elskar meg,
det veit eg sant og visst.

**Arild Hellesøy
Prost**

Adventskonsertar

Vaksdal kyrkje sundag 5. desember kl 18.00

Medverkande: Korskulen i Vaksdal, Vaksdal-Stanghelle-Dale barnekor, Kilden, Vaksdal Musikkforening m/born frå skulemusikken. Adventstankar.

Stamnes kyrkje laurdag 11. desember kl 16.00

Medverkande: Blanke messing, Stamnes barnekor, Kordial, Kristin Myrmel Henschen (trompet). Adventstankar.

Dale kyrkje sundag 12. desember kl 19.00

Medverkande: Dale Musikkforening m/fleire, Dale/Stanghelle skulekorps, Kordial. Adventstankar.

Vi syng julat inn

Nesheim kyrkje sundag 12. desember kl 11.00

Medverkande elevar frå kulturskulen, Mari Odland Trefall (fiolin), Asbjørn Nese (orgel)..

Julefestar i bedehusa

Stamnes: Tysdag 28. desember kl. 17: Julefest for heile familien

Arr: Styret for bedehuset/Indremisjonen

Dale: Onsdag 29. desember kl. 17: Julefest for små og store

Arr: Indremisjonen og soknerådet

Stanghelle: Sundag 2. januar kl. 17: Julefest for små og store

Arr: Indremisjonen

Vaksdal: Tysdag 28. desember kl. 17: Julefest for vaksne

Arr: Indremisjonen

Laurdag 8. januar kl. 16: Julefest for små og store

Arr: Soknerådet

Juleverkstad i Vaksdal bedehus

Laurdag 4. desember kl. 11-14

Arr: Sundagsskulen og soknerådet

(**Sjå omtale side 12!**)

FOSSEGRIMEN

i Dale kyrkje

Laurdag 4. desember kl. 17.00

Oratoriet "Paulus"

av Felix Mendelssohn,

for solistar, kor og orkester

Medverkande:

Liv Elise Nordskog (sopran)

Ulf Øien (tenor)

Øystein Skre (bass)

Andre medv.: Voss og omland kantori

Korinnstudering: Lars Ragnvaldsen

Dirigent: Dagfinn Rohde

Bill. kr Vaksne kr 200/skuleelevar og
pensionistar kr 170/born under 15 år gratis

Utdeling av NYTESTAMENTE i kyrkjene i Vaksdal

Eidsland kapell: Sundag 30. januar kl. 11.00

Dale kyrkje: Sundag 6. februar kl. 11.00

Eksingedalen kyrkje: Sundag 6. februar kl. 11
(Gjeld begge sokna i Eksingedalen)

Bergsdalen kyrkje: Sundag 13. februar kl. 11.00

Stamnes kyrkje: Sundag 20. februar kl. 11.00

Vaksdal kyrkje: Sundag 20. februar kl. 17.00

Nytestamentet vert delt ut til årets 11-åringar.
Det vert sendt ut invitasjon, men set av dagen
allereie no!

Minnegudsteneste på nyårsaftan

Det har vorte ein god tradisjon med minnegudsteneste på nyårsaftan kl.16.00 i Stamnes kyrkje. Det er ei fellesgudsteneste der vi inviterer alle som har mist nokon av sin kjære siste året. Gudstenesta er like fullt open for alle. Her kan du finne ei stille stund siste dagen i året og samla tankane. Nokon har òg fleire dei syrgjer over, kanskje knytt til ei grav ein annan stad. Også dei vert inkluderte.

Gudsteneste med meinung

Mange har andre stader vore vane med ei minnegudsteneste på Helgemessesundag. Det er òg ein fin dag å markere, men eg har erfaring med at nett på nyårsaftan gjev ei slik gudsteneste god hjelp til å seie farvel til det siste året dei kjære levde, mens livet må gå vidare inn i eit nytår. Det er så mange kjensler folk sit med, og ein kjenner seg gjerne litt ekstra einsame kring dei store høgtidene.

Namn og ljós

Det er ei enkel gudsteneste. Hovudsaka er å lese namna på alle som er gått bort siste året og er gravlagd/bisett ved ei av dei sju kyrkjene i Vaksdal. For kvart namn vil me tenne eit ljós. Ljosa er sette på ein stor kross i koret. Mellom namnelesing og ljostenning speler organisten eit stykke på orgelet. Til slutt vert det tent eit ekstra ljós for dei som har sorga si knytt til nokon som døydde tidlegare år, eller på ein annan stad. Presten talar, og det vert ei kort bøn før velsigning. Under postludiet kan alle som ynskjer det gå rundt altaret.

Edvard Bø

*Gamleåret seig i hav,
Siste dag i dauden bleikna;
Men i aust det atter kveikna,
nyfødd sol stod opp or grav.
Ljoset fram or mørkret stiger
Som på fyrste skapingsdag.
Sol og dag er fødd til siger,
Mørkret dømt til nederlag.*

Elias Blix

Trusopplæringsnemnda på plass



Bilete av trusopplæringsnemnda. Framme f.v.: Nestleiar Reidun Laastad Dyvik, Lene Kristin Rohde, Karin-Johanne Berge Rosvold skrivar Magnar Nese, Frode Kvamsøe, leiar Jostein Rene.

Dei seks medlemmane i den nyoppretta trusopplæringsnemnda har hatt konstituerande møte. Nemnda skal utarbeide framlegg til plan for trusopplæring her hjå oss, på vegner av sokna. Bakgrunnen for å opprette denne nemnda er at alle døypte medlemmar i Den norske kyrkja har rett til 315 timar med trusopplæring fram til dei er fylte 18 år.

Kyrkja har som grunnleggjande oppdrag å skape disiplar ved å døype og lære å halde alt Jesus har befalt. Og til å gjennomføre dette oppdraget må me han ein plan. Enkelt og greitt. Me kan love at Trusopplæringsplanen for Vaksdal vil verte rikeleg omtalt og drøfta når den er klar, ein gong ut mot sommaren 2011.

KUL

Vaksdal Kristelege Ungdomslag (KUL) har endra opplegget sitt noko i haust. Det er no nattcafe anna kvar fredag, og husfellesskap på Dale eller andre arrangement dei andre fredagane. Sjå på heimesida deira for meir informasjon (<http://vkul.wordpress.com>)

50- og 60-årskonfirmantar



60-årskonfirmantar i Dale kyrkje 10. oktober, konfirmert i gamle Dale kyrkje 1. oktober 1950

1. rekke frå venstre: Gudveig Valborg Hauge Karstensen, Audun John Takvam, Olav Bernhard Kvamme, Birgit Solfrid Gullbrå Langhelle, Tore Faugstad, Marit Werlo Hvidsten, Solveig Øye Veka. 2. rekke, f v: Oddny Larsen Eide, Bjørg Rødland Borge, Elfrid Hatlestad Brekke, Svanhild Lid Gullbrå og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Roy Steinsland



50-årskonfirmantar i Dale kyrkje 10. oktober, konfirmert i Dale kyrkje 25. september 1960

1. rekke frå venstre: Anne Karin Forthun Madsen, Karin-Johanne Berge Rosvold, Elin Ragnhild Hesjedal Jordalen, Karin Dankertsen Kvernes, Eli Olsen Halleland, Torhild Utskott Roe. 2. rekke, f v: Egil Karstensen, Jan Tore Bosåen, Kjetill Roald Vatle, Ottar Bjarne Styve, Asbjørn Hvidsten, Johannes Arne, Gunnar Helge Skaftun. 3. rekke f v: Nils Dale Elde, Jon Arne Hesjedal, Harald Herfindal, Olav Wolf, Jan Eivind Simmenes, Dagfinn Grøttå, Per Roger Kvamme og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Roy Steinsland



50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje

Framme frå venstre: Unni Knutsen Vasskog, Per Arne Boge, Aud Grethe TollefSEN Svensson, Bjarne Knutsen, Anne Marie Steinsbø Fosse, Gunn Amundsen Helle, Sigrun Olsnes Fosså, Wenche Faugstad Bleikli. Bak frå venstre Magne S. Eikum, Bjørn Knutsen, Terje Olsnes, Olav Jarl Bruvik, Torleif Trettenes, Toralf Magnussen, Sigurd Skage, Sigmund Boge, Ole Faugstad, Finn Herfindal, Svein Ole Magnussen, sokneprest Edvard Bø.



50-årskonfirmantar i Stamnes bedehus

Olav Gammersvik, Kari (Straume) Helle, Torbjørg (Stamnesfet) AntonSEN, Arild Steinsland, Jakob Holme, Marit Dæmring, Oddvar Eikefet, Jakob Møster, Bjarte Klausen, Johan Ivar Myster, Kjell Dyvik, Jon Magne Jakobsen, Hildegunn Møster, Bjørn Ole Kulshamar, Sigrun Nesse, Sigmund Simmenes, Lilly (Straume) Lid, Åse (Nesse) Koldal, Vigdis (Dæmring) Johnsen, Tordis (Kallestad) Hesjedal, Einar Møster og Laura (Stamnes) Vestervik.

Dei som ikkje var med på denne tilstellinga: Else (Hesjedal) Andorsen, Odd Dyvik og Laila Strømme. Atle Solhaug er den einaste av dette kullet som er død.

2. DESEMBER

Den vesle bygda som glømte at det var jul

Høgt oppi åsen lå det ei lita bygd for seg sjøl.

Folk som bodde der var akkurat slik som andre folk i andre bygder. Noen var store, og noen var små; noen var flinke, og noen var late; og noen likte fiskeboller bedre enn kjøttkaker, og noen likte kjøttkaker bedre enn fiskeboller. Så de var nokså forskjellige, men når det gjaldt én ting, var de helt like alle sammen.

De var så føle til å glømme. Og da glømte de de merkeligste ting, alle på én gang!

En gang glømte de å ta på seg sko. Det hadde vært veldig varmt hele sommer'n, så alle hadde gått barbeint. Og da det ble høst, glømte de å ta på seg sko.

– Du verdens rike så kaldt det er nå da! sa de til hverandrc. – Ja, jeg skjønner ikke åssen det skal gå hvis det blir kaldere enn det er nå, sa de. – Det blir verst når snøen kommer, sa de.

Og da snøen kom, gikk de barbeint ut og sa: – Å, nå må det være mange kuldegrader! Og slik gikk de og fraus.

Men så var det en dag det sto to kjerringar på et vegkryss og prata med hverandre og fraus på beina. Da fikk de se en guttunge som spurte smeden om hvorfor han skodde hesten, og da skjønte kjerringene at de hadde glømt å ta på seg sko.

Så sprang kjerringene hjem og tok på seg sko, og etterpå gikk den ene kjerringa i øst og den andre kjerringa i vest og fortalte folk hvorfor de fraus på beina. Og så tok de på seg sko alle sammen.

En annen gang hadde de glømt å spise. De gikk flere dager uten mat, og til slutt ble de sjuke alle sammen og måtte gå og legge seg og ringe etter doktor'n. Men han kunne ikke komme, for han hadde også glømt å spise, så han var like sjuk som de andre.

Men en dag doktor'n var på beina, kom det fram en musunge med en ostebit i munnen, og da skjønte doktor'n hva det var de hadde glømt.

Og så sto han opp og spiste, og etterpå reiste han rundt på sjukebesøk i hele bygda og sa at de bare hadde glømt å spise. Og så sto alle sammen opp og spiste, og så ble de friske igjen.

Men verst var det den gangen de glømte at det snart var jul.

Da det ble lille julafoten, var det ingen som hadde gjort reint i huset og hengt opp reine gardiner, og ingen hadde funnet juletre, og i butikkvinduene var det ikke så mye som ei julenissemaske engang.

Skoleungene sto på skolen og sang «Kom mai, du skjonne milde», og det fantes ikke så mye som en eneste smultring i en eneste kakeboks i hele bygda.


I ei lita stue aller øverst i bygda, like ved skaubrynet, gikk det ei lita jente og tenkte og tenkte. Hu var bare fem år, og ellers så brukte hu å hoppe og danse og leke og ha det moro, men nå gikk hu bare og tenkte. Hu gikk inn i skauen og sto og så på de små granbuskene.

– Det er noe vi har glømt nå igjen, sa veslejenta til seg sjøl, – det er noe med ei lita gran, men jeg husker ikke hva det er.

Så gikk jente inn i stua og fant ei saks og litt gråpapir.

– Det er noe med ei saks også, tenkte jente,

– men jeg kan ikke huske hva det er.



Så gikk jenta på låven, og der fikk hu se et kornband som far hennes hadde hengt høgt under en takbjelke så musa ikke skulle få tak i det.

- Det er noe med dette kornbandet også, tenkte jenta, og så sto hu der og så seg omkring, og så fikk hu se den lange stanga som de brukte å ha juleneket på. Og da husket den vesle jenta at det snart var jul!

- Å, det er jo lille julafoten, det er jo lille julafoten, ropte jenta og sprang inn for å fortelle det til mor og far, men de var ikke inne. - Å, åssen skal jeg få sagt fra til alle i hele bygda at det snart er jul! Åssen skal jeg få sagt fra til alle i hele bygda at det er lille julafoten? sa jenta.

Hu prøvde å ta den høge stanga og sette juleneket i toppen på den, men det greide hu ikke. Men så skjønte hu hva hu skulle gjøre! Flaggstanga! Hu kunne heise opp juleneket i flaggstanga!

Og det greidc hu, og så fort veslejenta hadde gjort det, flyt en liten mcis fra den øverste greina på den høgste grana så snøen raste nedover stammen.

- Hvor skal du, hvor skal du? kvitret de andre meisene som satt og halvsov innimellom greinene.

- Det er jul, det er jul, veslejenta har satt opp julenek!

- Vi blir med, vi blir med, sang de andre mcisene og fløy av sted.

- Hvor skal dere hen, hvor skal dere hen? ropte spurvene som satt på telefontrådene.

- Det er jul, det er jul, veslejenta har satt opp julenek! sang meisene.

- Vi blir med, vi blir med, sang spurvene og startet på likt ifra telefontrådene så alle telefondamene fikk dotter i ørene.

Og akkurat da lettet alle dompapene fra nypebuskene i hagen.

Damene på telefonsentralen sprang bort til vinduet for å se hvor fuglene skulle, og da så de juleneket i flaggstanga.

Og damene til å ringe rundt i hele bygda og fortelle at de hadde glømt at det snart var jul.

Og folk til å bake og koke og steike, noen gjorde reint i huset, og noen hengte opp reine gardiner ... og noen gikk ut i skauen og fant juletre ... og noen pakket inn julegavene som de hadde gjømt unna før de begynte å glømme, og noen hengte opp julestjerner i vinduene ...

Til slutt klæret alle sammen i hele bygda opp i ei kjempediger balje som snekkeren hadde lagd mens de andre pyntet og gjorde i stand til jul, og så badet de alle på én gang

Og akkurat da de var ferdige og hadde fått på seg reine klær, og mora til veslejenta i stua aller øverst i bygda sto og knyttet ei rød sløyfe i håret på henne ...

AKKURAT DA RINGTE KIRKEKLOKKENE.
OG SÅ VAR DET JUL.

Festevagifter

Årleg festeavgift er for tida kr 75,-, og vert kravd inn for ti år om gongen. Det var dverre feil i teksten på baksida av dei første rekningane me sende ut i haust, men dette er retta opp no. Vaksdal kyrkjelege fellesråd, som er ansvarleg for drifta på gravplassane våre, nyttar Bergen kirkelige fellesråd sitt rekneskapskontor. Difor står det "REBIT" på konvoluttane som rekningane kjem i.

Kyrkjekontoret får mange spørsmål om ordninga med festeavgifter. Festeavgifta trår i kraft når ei grav er eldre enn 20 år, eller når ein tingar ei grav ved sida av ei anna. Dette kan ein berre gjere i samband med ei gravlegging. Det har vore vanleg å tinga slik plass for til dømes ektefelle til den som er gravlagt, eller til andre i nær slekt. Dermed har ein rett til å disponere


grava innafor tidsrommet der ein har betalt festeavgift. Alle har rett til fri grav i fredingstida, som til vanleg er minst 20 år, og det får ein dersom ein nyttar ei heilt ledig grav som ikkje er festa frå før. Ei grav som er gått over til festegrav, eller som er tinga som nemnt ovanfor, vil alltid vere ei festegrav med festeavgift. Festeordninga gjer at ein får høve til å opprette ein gravstad med graver på sida av kvarandre.

Dersom ein ikkje lengre ynskjer å halde fram med festeavtalen for ein gravstad, kan det vere andre i familien som ynskjer det. Me opplever stundom at nokon i slekta tek kontakt med kontoret av di gravminnet er teke bort, utan at dei har fått vite noko. I slike høve tenkjer me at det hadde vore fint om den som er festar rådfører seg med andre i familien før ein slettar grava.

Graver som er eldre enn 70 år vert sletta

Forskriftene for gravplassen i Vaksdal seier at dersom ei grav er eldre enn 70 år, vil ein ikkje få høve til å forlenge festetida utan godkjennung frå fellesrådet. Dette er gjort for at ein skal få høve til å nytte om att gamle graver til ny gravlegging, av di det ikkje er så god plass på gravplassane våre. I same stunda må ein seie at ingen graver vert sletta utan at ein har prøvd å få kontakt med dei pårørande.

Kyrkjer med feil i det elektriske anlegget



Termografi frå 2006 av sikringsskapet i Eksingedalen viser temperaturskilnader i sikringsskapet. Ljose fargar er høg temperatur. Eit rele som var for varmt, og ein kurs som var høg belastning på, vart reparert.

Meir enn 80 prosent av norske kyrkjer har alvorlige feil på det elektriske anlegget, noko som betyr at det er stor fare for brann. Dette meldte Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) tidlegare denne månaden. Kyrkjeverja i Vaksdal kan melde at når det gjeld kyrkjene her i kommunen er dette ikkje nokon stor fare. Det er tidlegare gjort eit godt arbeid når det gjeld branntryggleik i høve dei elektriske anlegga i kyrkjene, og dei er i god stand. Det elektriske anlegget vart sist kontrollert i 2009.

Teleslynge i alle kyrkjene

Det er høgtalaranlegg med teleslyng i alle kyrkjene våre. Teleslynga verkar som ein radiosendar som sender signala direkte til høyreapparatet, og som kan takast inn når høyreapparatet er innstilt for det. Dersom du har problem med å få klår lyd i teleslynga, håper me at du gjev melding til dei tilsette i kyrkja eller til kyrkjekontoret, slik at me kan kontrollere utstyret.

Liv Glaser

Liv Glaser er pianist og musikkprofessor. I fjor haust leide ho Vaksdal kyrkje til ei plateinnspeiling. Då spelte ho stykker av Robert Schumann, og hadde med seg eit såkalla fortepiano frå 1830. Plata ho spela inn fekk namnet The Poet Speaks.

Avisa Vårt Land hadde eit større intervju med henne 25. september i år, i høve hennar 75-årsdag. Der står det mellom anna:
Hun savner publikum når hun spiller inn plate. Men denne siste er spilt inn i Vaksdal kirke, og rommet ga henne noe tilbake under innspillingen.



Korskulen i Vaksdal aukar!

Nytt barnekor på Vaksdal! I haust vart det starta barnekor på Vaksdal. Første øving var i veka etter haustferien, så koret er ganske nystarta. Koret øver i kyrkja på Vaksdal rett etter skulen ca 14.15 på tysdagane i ca ein time. Medlemmene er frå åtte år og oppover.

Korsulen i Vaksdal har no barnekor både for Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal bygdene. Stanghelle/Dale barnesongkor og Vaksdal barnekor vil opptre saman når dei skal ut og synge. VSD-koret vil opptre både på Vaksdal, Stanghelle og Dale

og gjerne andre stader òg om det høver slik. Innimellom vil kan hende alle kora oppstre i lag òg.

Første opptreden i for VSD-koret vert laurdag 4. desember kl 11.00 på juleverkstaden på Vaksdal og deretter adventskonserten i Vaksdal kyrkje 5.desember kl 18.00.

Kyrkja i Vaksdal har songtilbod til alle aldrar. Baby/småbornssong 0 -4 år, barnekor frå 4 år og oppover, barnekor frå 8 år og oppover og ungdom/vaksenkor frå 14 år og oppover.

To konfirmasjons- gudstenester på Dale neste år

Med over 30 konfirmanter neste år vil det bli trangt om plassen i kyrkja, og mange av gjestene vil ein gong ikkje kunne kome inn. Difor er det i samråd med konfirmantane sine foreldre bestemt at det skal vere to konfirmasjonsgudstenester på Dale neste år, ein kl. 11 og ein kl 13.

På det viset vil det truleg vere plass til både alle konfirmasjonsgjestene og kyrkjelyden elles.

Fordeling av konfirmanterne på dei to gudstestene skjer mest mogleg etter konfirmantheimane sine ynskje. Dei vil få vite foredelinga seinast 1. desember, og listene vert offentleggjort i god tid før konfirmasjonen. På Dale og Vaksdal er det vanlegvis konfirmasjon fyrste sundag i mai. Men då den sundagen fell saman med 1. mai neste år, vert det konfirmasjon i desse kyrkje sundag 8. mai.

Julekort frå konfirmantane

Konfirmantane vil i år og lage og sende julekort til dei eldste i kyrkjelydane. Det er vel til vanleg ikkje for mykje kontakt mellom tenåringane og dei eldste innbyggjarane i kommunen, og vona er at korta frå konfirmantane vil vere ei hyggjeleg helsing å få i postkassa før jul. Det er dei som er eldre enn 85 år som får desse julekorta.

LYS VAKEN for 11-åringane i februar


Neste års 11-åringar i Dale sokn vert invitert til å overnatte i kyrkja fyrste helga i februar neste år. Oppleget vert kalla LYS VAKEN, og er eit arrangement som elles i landet for det meste skjer natt til 1. sundag i advent. Men Dale sokneråd har valt å legge til den helga årets 11-åringar får utdelt Nytestamentet, slik dei gjordet det i januar i år. 2000-modellane i soknet får særskild invitasjon og informasjon om oppleget like over nyttår. Soknerådet sender denne til dei ein har namn og adresse på. Skulle det likevel skje at nokon i 2000-årgongen ikkje får invitasjonen er det fint om dei tek kontakt med Kyrkjekontoret.

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)


Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider - kr. 250,-.



Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.

Dei bygde draumen (2005)


Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider - kr 300,-
Kan kjøpast her:



Dale: Gyda og Mix
Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja

Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)
104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja

(1986)
239 sider – kr. 50,-.



BIBEL-KVISS

1. Hva het byen der Jesus ble født?
2. Marta og Maria hadde en bror som Jesus vekket opp fra de døde. Hva het han?
3. Hva heter landet der Jesus bodde?
4. I hvilket av disse landene er det flest som tror på Jesus: Israel, Norge eller Afganistan?
5. Hva het profeten som overlevde å bli slukt av en stor fisk?
6. Hva het mannen som dømte Jesus til døden?
7. Hvilket språk ble Det nye testamente skrevet på?
8. Hvem kom først til den tomme graven og fikk vite av engelen at Jesus hadde stått opp?
9. Da det var hungersnød i Israel sende Jakob sønnene sine til Egypt. Hvorfor?
10. Takene på husene i Israel var flate. Sant eller usant?



SVAR:

- 1. Betlehem
- 2. Lasarus
- 3. Israel
- 4. Norge
- 5. Jona
- 6. Pontius Pilatus
- 7. Gresk
- 8. Noen kvinner, blant dem Maria Magdalena.
- 9. For å kjøpe korn.
- 10. Sant! De ble brukt som terrasse.

SØNDAGSSKOLEN
med barnebladet **BARNAS**

14 blader

Bestill på sondagsskole.no
eller på telefon 22 08 71 00

=kun 169,-
(pr barn i gruppeabonnement)

=kun 349,-
(privatabonnement hjem i posten)

SONDAGSSKOLEN
Jesus til barna

Juleverkstad på Vaksdal

Vaksdal kyrkjelyd trår til med juleverkstad på ny. Det vert som vanleg på Vaksdal bedehus på laurdag 4. desember kl. 11-14. Merk tidspunktet då me i år startar ein time tidlegare enn vanleg. Søndagsskulen vil stå for andakt. Så vil det nye barnekoret på Vaksdal ha si første framføring denne dagen. Det vert ei stort barnekor, for på framføringane vil

dei syng saman med Stanghelle og Dale barnesongkor.

Oplegget vert som vanleg med at det er ulike bord i salen med ulike ting ein kan lage til jul, og det ein lagar får ein ta med seg heimatt. Det kostar ikkje noko. Her er det soknerådet som spanderer. Ei lita matøkt vert det og, så ein skal sleppa å gå svoltne. Det har vorte ein

skikkeleg god adventstradisjon dette, og her er det ikkje nokon aldersgrense for å kome. Det som ein lagar skal kunne passe for alle, og om ein er litt usikker så vil det vere nokon ved bordet som viser og hjelper. Hjarteleg velkommen til små og store.

Velkommen hjemom

«Velkommen hjemom.»

Denne helsinga er det
Sjømannskyrkja som
kjem med!

Sjømannskyrkja er Den norske kyrkje sitt arbeid for og tilbod til nordmenn i utlandet. Og då gjeld det både turistar, studentar, korttidsbuande og fastbuande. Og for ikkje å gløyme sjøfolk – som jo Sjømannskyrkja vart starta med tanke på – trailersjåførar og andre som fartar til framande land.

Gjennom sin nærmere 150 år lange historie har Sjømannskyrkja oppretta – og lagt ned- stasjonar rundt om i heile verda. Målet er å vere der fok reiser og der dei busetjar seg, og der ein ikkje har stasjonar er det gjerne ambulerande personell som



Sjømannskyrkja byggjer no Scandinavian Church & Center in Florida i Davie i Miami, og senteret skal takast i bruk hausten 2011.

dekker området.

For dei som har tilgang til internett er det enklaste viset å finne informasjon om Sjømannskyrkja sitt arbeid å finne fram til heimsida deira, www.sjomannskirken.no.

[ken.no](http://www.sjomannskirken.no).

Det er og lagt ut informasjon om Sjømannskyrkja sitt arbeid i kyrkjene i Vaksdal og på Kyrkjekontoret, og det er sjølv sagt mogleg å kontakte Sjømannskyrkja sitt

hovedkontor her i Noreg på telefon 55 55 22 55.

Sjømannskyrkja står og bak Nettkirken (www.nettkirken.no)



På Dale bur Arild Fotland med familie. Jula skal dei feire på Kanariøyene saman med far og brør med familiar. Det er fyrste gongen dei dreg på ein slik juleferie, og målet er Grand Canaria. Næraste sjømannskyrkja for dei er då i Arguineguin,

Det er ei sjømannskyrkje i nærleiken av dykk når de er på juleferie. Kjem de til å vitje henne?

- Me har tenkt oss på guds-

tenesta der julaftan, og kan hende ein av dei andre dagane i jula. Viss me hadde vore heime hadde me gått i Dale kyrkje på julaftan, slik me har tradisjon for. Me no vert det altså i ei sjømannskyrkje. Dessutan er det to konfirmantar i reisefylge, og dei gler seg allereie til å få med seg julegudstenesta i sjømannskyrkja. Dei skal jo vere med på minst 8 gudstester i løpet av konfirma-

sjonstida, og denne tel som ei av dei

Har du vore på ei sjømannskyrkje tidlegare?

Nei, det har eg ikkje. Men eldstebroren min reiste i utanriksfart på 70-talet, og var då innom fleire av dei.

Takk for praten, me ynskjer storfamilien Fotland god tur og ein fin julefeiring i sjømannskyrkja!



GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

NYE DALE



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektrikartjenester, også varmepumper.

Tlf. 56 59 43 00

vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Opprettning

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



Kirkens SOS

Vil du vere frivillig på Kirkens SOS kriseteneste?

Innferingskurs for nye medarbeidarar på tlf. eller SOS-chat far til i slutten av september!

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg.

Oppgåva di er å lytte og tenke høgt saman med den som far kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem. Du får innferingskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon og internett.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser.

Kursstart 27. september 2010. Kontakt oss på 55 32 58 45 / 941 83 654,
bjorgvin@kirkens-sos.no eller www.kirkens-sos.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

- | | |
|------------|---------------------------------|
| 19.09.2010 | Tobias Hisdal Kyrkjeteig |
| 10.10.2010 | Isabell Chasmin Owe-Fyllingslid |
| 24.10.2010 | Emil Berntzen Bolstad |

Bergsdalen

- | | |
|------------|---------------------------------|
| 05.09.2010 | Magnar Grenasberg Ullevoldsæter |
| 05.09.2010 | Guro Sandal Furubotn |
| 05.09.2010 | Noah Martin Gjermo Eriksen |

Vaksdal

- | | |
|------------|---------------------------|
| 05.09.2010 | Oda Fosse Birkeli |
| 05.09.2010 | Nicolai Risberg Njaastad |
| 19.09.2010 | Tobias Hisdal Kyrkjeteig |
| 03.10.2010 | Lucas Kleiveland Sæterdal |



VIGDE

Bergsdalen

- 25.09.2010 Ann Kristin Dale og Tom Raudeberg Tollaksen



DØDE

Stamnes

- | | | |
|------------|-------------------|---------|
| 31.08.2010 | Martin Stamnesfet | f. 1929 |
| 05.10.2010 | Laurits Bolstad | f. 1930 |

Vaksdal


- | | | |
|------------|----------------|---------|
| 18.10.2010 | Anfinn Knutsen | f. 1929 |
| 20.10.2010 | Agnes Steinsbø | f. 1924 |

Dei ti Guds bod

10. Du skal ikkje trå etter ektemaken åt nesten din eller arbeidsfolket hans eller andre som høyrer til hjå nesten din.

Det tyder:

Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje lokkar eller trugar nokon til å forlata nesten vår, men minner dei om å vera trufaste.



VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 28. november

1. SUNDAG I ADVENT Matt. 21,19
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til Kirkens SOS.
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen).
DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Laget.

Sundag 5. desember

2. SUNDAG I ADVENT Luk. 21,2533
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Utdeling av 4-årsbok. Offer til Kirkens SOS.
STANGHELLE BEDEHUS kl. 11.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Familie & Medier. Kyrkjekaffi.
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og born og unge i Eksingedalen. Utdeling av 4-årsbok. Offer til Sundagsskulen i Eksingedalen.

Sundag 12. desember

3. SUNDAG I ADVENT Jes. 35,310
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Vi syng jula inn. Edvard Bø. Offer til Kyrkjemusikalsk arbeid
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og born og unge i Bergsdalen. Offer til Sjømannskyrkja.

Fredag 24. desember

JULAFATN Luk. 2,114
NESHEIM KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.
STAMNES KYRKJE kl. 13.30. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.
DALE KYRKJE kl. 15.00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp.
EIDSLAND KAPELL kl. 16.15. Vi syng jula inn.

Laurdag 25. desember

JULEDAG Joh. 1,15(68)914
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Offer til Misjonshøgskolen.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap

Sundag 26. desember

2. JULEDAG Matt. 10,1722
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø. Offer til Kirkens SOS.
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Fredag 31. desember

NYÅRSAFTAN Jer. 29,11
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste (for heile kommunen). Edvard Bø.
DALE KYRKJE kl. 23.15. Midnattsmesse. Edvard Bø. Offer til Kyrkjebøssa.

Sundag 9. januar

1. SUND. E. KR. OPENBERRING Matt. 3,1317
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse.

Sundag 16. januar

2. SUND. E. KR. OPENBERRING Joh. 2,111
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse.
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse.

Sundag 23. januar

3. SUND. E. KR. OPENBERRING Joh. 4,4654
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse.

Sundag 30. januar

4. SUND. E. KR. OPENBERRING Matt. 8,2327
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. **Høgmesse/Familieg.**
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse.

Sundag 6. februar

5. SUND. E. KR. OPENBERRING Matt. 13,2430
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Utdeling av NT.

Sundag 13. februar

VINGARDSSUNDAGEN Matt. 20,116
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. **Høgness/Fam.**

Sundag 20. februar

SÅMANNSSUNDAGEN Luk. 8,415
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. **Familieg/Høgmese.**
STAMNES KYRKJE kl. 11.00/17.00 Familiegudsteneste. Utdeling av NT.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00/17.00 Familiegudsteneste. Utdeling av NT

Sundag 27. februar

KRISTI FORKLÅRINGS DAG Matt. 17,19
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste.

Sundag 6. mars

SUNDAG FØR FASTE Luk. 18,3143
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Høgmesse.

Sundag 13. mars

SUNDAG FØR FASTE Luk. 18,3143
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Årsmøte.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.